



Abdiaziz frå Herøysundet i god samtale med kulturminister og ordførar etter møtet.

Det var ei betydningsfull stund for mange då Kulturminister Linda Hofstad Helleland besøkte medlemmene i Møteplassen for inkludering, ei undergruppe under Kvinnherad Røde Kors, fredag. Eg trur også ministeren fekk eit godt inntrykk av kor stor betydning eit godt organisert initiativ frå frivillige kan få i integreringssamanheng.



Marimbaorkesteret opna det heile.

Det var godt med folk i konsertsalen i kulturskulesenteret då kulturministeren kom. Ståande vart ho mottatt av publikum som var samansett av nyttilflytta til kommunen og folk som har budd her lenge. Det var også uskedelingar i begge desse gruppene, men det er å håpa at fleire her frå bygda får delta i dette fellsskapet framover.

Det starta med musikk. Først var det marimbaorkesteseret til kulturskulen som imponerte med afrikansk musikk på dei afrikanske instrumenta innkjøpt frå Zimbabwe. Lærer er Mauricio Weimar frå Brasil. På same imponerande måte fulgte to musikarar og songarar som bur på Husnes Mottaksenter, opp. Det var ei oppleving å høyre både Yasir frå Irak og Fardin frå Afghanistan.

Initiativstakarane og leiarane for Møteplassen for integrering, Elisabeth Berg Hass og Vigdis Gammelsæter, fortalde litt om arbeidet deira frå oppstarten i januar. Alt no kan vi slå fast at dette er eit særskilt vellukka tiltak som stadig skyt verdfulle knuppar rundt i bygdene. Vigdis nemnde m.a. om eritriske gitar, busett på Seimsfoss, som hadde hatt det kjekt på dugnad på Holmen saman med bygdefolket i Omvikdalen. Eg anbefalar alle til å like facebookside til Møteplassen for inkludering: Kvinnherad Røde Kors. Gjennom den skjer det mykje positivt!

Ein som har desse positive erfaringane, er Abdiaziz Hussein frå Herøysundet. Han fortalde litt om sine erfaringar frå deltaking på møteplassen. I tillegg til dei faste møta nemnde han m.a. songkafè på Løfallstrand og Bli-kjentkveld i båthamna på Husnes, og søndag er han klar for tur til Gråskallen i Herøysundet saman med venner og bygdefolk. Litt engasjement i dette arbeidet gjev mykje att både til oss som har budd her lenge, og dei som flyttar hit.



Yasir frå Irak imponerte



Fardin frå Afghanistan imponerte også



Abdiaziz fortel om erfaringar frå Møteplassen med leiarane Vigdis og Elisabeth som tilhøyrarar

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland